



Trompetist Bård Leganger Landro, gitarist Leif Aase, syklist Kristoffer Skjerping og forfatter Marta Lillian Ekerhovd er blant dei som får kulturmidlar frå Fjell kommune i år. Arkivfoto: Marit Kalgraf/Erik Bental Støverud/Tom Gulbrandsen/Torstein Skeie

# Tre hundre tusen til kultur og gode formål

Politikarane i Fjell delte tysdag kveld ut i overkant av 300.000 kroner til enkeltpersonar, lag og organisasjonar.

FJELL: Fjell kommune har eit

**BRA HANDEL**

**HJELTERYGGEN**

**NATTÅPENT**

FREDAG 7. DESEMBER KL 12-24  
**CRAZY Timestilbud!**

SE ANNONSE PÅ WWW.BRAHANDEL.NO



**SØNDAGSÅPENT 9., 16. & 23. DESEMBER KL 14-18**

KJØP JULEGAVENE NÅ TIL STERKT REDUSERTE PRISER!

MAN-FRE: 12-18, TORSD: 12-19, LØR: 10-15  
**TLF. 56 32 21 00**  
[www.brahandel.no](http://www.brahandel.no)

sinnrikt system for søking og tildeling av kulturmidlar. Det finst heile 14 ulike tilskotsordningar med tilhøyrande kriterium for kven som skal prioriterast. Det blir for tida jobba med å finna eit nytt og meir oversiktleg system for kulturmidlane, men i år blir altså pengane delt ut på same måte som før.

## Idretts- og elitestipend

Syklisten Kristoffer M. Skjerping er tildelt heile potten i kategorien «idrettsstipend», som er på 20.000 kroner i år. Han var den einaste som hadde søkt om tildeling frå desse midlane, medan ytterlegare to idrettsutøvarar hadde søkt på «elitestipend». Også i den potten ligg det i år 20.000 kroner.

– Dette viser jo tydeleg kvifor vi må rydda opp i dette, kommenterer Ernst Einarsen i komitee for drift.

Sidan Skjerping får heile idrettsstipendet, blir elitestipendet fordelt på dei to andre søkjarane, som er symjaren Henriette Brekke og fotballspelar Nora Neset Gjvøen. Dei får dermed 10.000 kroner kvar. Også utøvarar innan kunst og kultur kan få tildeling frå elitestipendet dersom dei søker. Kriteriet er at ein kan visa til særleg gode resultat på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

– Alle dei tre fortener stipend, meiner Jorun Småbrekke Gjersvik (Sp).

## 20.000 til musikarar

Gitaristen Leif Aase, kanskje mest kjent som mangeårig gitarist i bandet Vassendgutane, får 10.000 kroner i kulturstipend. Pengane skal han bruka til plateinnspeling i Nashville i USA. 10.000 kroner får også Bård Leganger Landro, som i vår gjekk ut med toppkarakter i trompet frå Kongshaug Musikkgymsnas. Han har representert Fjell kommune seks gonger i fylkesmønstringa i Ungdommens kulturmonstring. Landro har som mål å koma inn på høgskule og går dette skuleåret på jazzlinja ved Sund folkehøgskule utanfor Trondheim. Stipendet skal brukast til ein turne i februar.

Verken Leif Aase eller Bård Leganger Landro har fått kulturstipend av Fjell kommune før.

## Materiell og utstyr

Tre humanitære organisasjonar har søkt om støtte frå Fjell i år, og alle desse får. Kirkens SOS får 25.000 kroner, Stiftelsen Robin Hood Huset frå 20.000 kroner, og Senter mot incest og seksuelle overgrep Hordaland får 25.000 kroner i støtte. Sistnemnte presenterte seg for komiteen tidlegare i møtet. Dei ønskjer ein avtale med Fjell kommune, og politikarane ba administrasjonen om å førebu ei eiga sak med tanke på det.

I kategorien «tilskot til mate-

riell og utstyr» blir 50.000 kroner fordelt på denne måten:

Lag	Støtte
Nordre Fjell Allianse	4.000
Sotra Golfklubb	3.000
Sotra Brass	3.000
Sotra og Øygarden JFF	15.000
Sotra SK, idrettsskule	12.000
Algrøy bygdalag	7.000
Nordre Fjell fotball	3.000
Midtre Sotra Skulekorps	3.000

## 80.000 kroner til trivsel

Det kom inn åtte søknadar til ordninga for såkalla trivselmidlar innan fristen. Til saman er det søkt om over 360.000 kroner, men det er berre i overkant av 80.000 kroner igjen i potten. Dei blir fordelt slik:

Lag	Støtte
Åse grendalag	10.000
Tellnes gard	13.000
Bjørøy og Tyssøy velf.	3.500
Mattishaugen velforening	10.000
Fjell turlag	22.500
Sotra og Øygarden turlag	22.500
Dag Reidmar Pettersen	2.053

## Får pengar til leprabok

Det er berre kome inn ein søknad til ordninga «tilskot til kunstnarleg verksemd» i 2012, og den kom frå Marta Lillian Ekerhovd. Ho har skrive den første boka i ein trilogi om lepra på Sotra og øyane rundt. Kultursjef Lennart Fjell meiner prosjektet kan vera med på å løfta fram eit tabubelagt tema.

– Det er særleg interessant at handlinga og personane i boka

tek utgangspunkt i vekrelege familiar og hendingar på Sotra, skriv kultursjefen.

Ekerhovd er tildelt 15.000 kroner i støtte til prosjektet.

## VM i sigling

Den siste tilskotsordninga i Fjell heiter like gjerne «andre tilskot» og er tiltenkt søkjarar som ikkje fell inn under nokon av dei andre kategoriane. Tidlegare i år blei det delt ut 25.000 kroner frå denne ordninga. I denne omgangen får Sigrun Jørdre og Rikke Lina Matthiesen 5.000 kroner i støtte til gjennomføring av ein adventskonsert i Fjell kyrkje, og familiefesten «HalloVenn» i Landro kyrkje får også 5.000 kroner.

Seilforeninga Ran hadde søkt om heile 800.000 kroner til gjennomføring av VM i siglejolle Zoom8 som dei skal arrangera i august neste år i Anglevik. Politikarane vil gjerne støtta arrangementet på både den eine og den andre måten, men dette arrangementet vil koma opp som eiga sak til politikarane litt seinare.